

Tilleggsopplysningar ifm dispensasjonssøknad bygging av garasje etter uttale frå Statsforvaltaren:

Hei.

Viser til uttale frå statsforvaltaren ifm søknad bygging av garasje på gnr 17 bnr 16

Statsforvaltaren viser til at det vil bli langt meir synleg og påverke opplevinga i strandsona. I tillegg påpeikar han at garasjen har store vindauge som gjer at bygget kan oppfattast som eit bygg for varig opphald.

Eg vil for det første påpeike at Skjelsundet er eit vel etablert byggjefelt som vart utbygd for 30 år sidan og er soleis eit kjent område med bebyggelse i strandsona. Området er fullt utbygd og ein garasje vil ikkje endre inntrykket av dette for almennheta. Det er soleis ikkje noko framandelement i dette området å oppføre ein garasje på lik linje med garasjene dei neraste naboene har. Plassen garasjen er omsøkt bygd er skjerma ifrå innsyn frå farlei med vegetasjon rundt og vil soleis ikkje verte noko blikkfang frå sjøen. Bygget er også redusert til under 50m² for å nettopp redusere omfang og ytre påverknad.



Bilde viser omsøkt planert område med vegetasjon rundt.



Bilde viser omsøkt planert område med vegetasjon rundt.

Vedrørande kommentar på at garasjen har store glas og kan verte oppfatta som bygg for varig opphald.

Eg må sei at eg undrar meg noko over slike kommentarer. Er det ikkje kva bygget er omsøkt som som er gjeldane, og ikkje kva folk kan tru at det er? Det er heller ikkje noko framandelement med vindauger i garasjen for å sleppe inn lys i området da det er fleire garasjar av næraste naboer som du ser frå veg og sjø med vindauger. Det er heller ikkje store vindauger det er snakk om men standard vindauge størrelsar. Det vil og være energi besparande å ha vindauger for belysning enn å nytte elektrisk belysning til ein kvar tid.



Oversiktsbilde som viser plassering og farled for båter samt veg og vegetasjon rundt omsøkt plassering.

Vedrørende privatisering i strandsona så vil ikkje garasjen endre tilkomsten til strandsona rundt. Det er god tilkomst rundt garasjen til å kome seg ned til sjøen. Garasjen blir som beskrevet plassert på allereie opparbeida areal som i dag er nytta til same formål, nemleg lagringsplass for bilar og campingvogn.

Vidare skriv statsforvaltaren at etter det han kan sjå vil det være mogleg å plassere garasjen nærare eksisterande bustad, på ein måte at den ikkje vil være i strid med byggjegrensa.

Dette er ikkje korrekt. Tomten består av ein knaus der det er skutt ut til hovud hus og eit lite tun mot aust som er utsikts retning. Det er kommunal veg mot vest nedanfor ei skråning og det er bratt skråning ned mot sjøen mot aust. Det er ikkje plass til noko garasje oppå eksisterande tun.



Bilde av tun sett frå terrasse.

Elles viser eg til argumentasjonen i søknad

Mvh

Eivind Kvamsdal